



Kva vert det til med KV-tomta? Det veit ingen i dag.

**Etter avlysinga av konkurransen om omsorgsbustadane vil kommunen måtte starta ein ny prosess for å få inngått kontrakt om leige.**

**I eit brev til Kvinnherad Vekstbedrift og Trygge Bustader opplyser saksbehandlar Jarle Fossheim at dei ikkje har teke stilling til korleis ein slik konkurranse skal gjennomførast, men håpar at dei begge blir med i den nye runden**

I brevet til Trygge Bustader heiter det at dei ikkje kan leggja fram dokumentasjon for oppfyljing av kvalifikasjonskrava, Det gjeld både kravet til økonomisk stilling og kravet til organisasjonen sin gjennomføringsevne og erfaring frå relevante oppdrag.

Med tanke på likebehandling av dei 2 har kommunen føreteke same type gjennomgang av tilbodet frå bedriften i Uskedalen. Dei kan ikkje sjå at dei heller har dokumentert ein organisasjon med god gjennomføringsevne, Heller ikkje har KV lagt fram dokumentasjon av KS System og det er ikkje dokumentert relevant erfaring - det vil seie frå utleigeverksemd for omsorgsbustader.

Sjølv om det ikkje skulle vere grunnlag for å avlyse tilbodet frå KV ville ein med berre eit gyldig tilbod ikkje hatt tilstrekkeleg konkurranse om oppdraget. Konkurransen ville difor uansett verte avlyst, held Fossheim fram.

Av Ola Matti Mathisen